



Arbeidsledige i Nordhordland i februar 2017 – kjelde NAV



Arbeidsledigheten i Nordhordland i februar er på 3,5 %, litt ned samanlikna med januar. I Hordaland er også arbeidsledigheten 3,5 %, framleis noko over arbeidsledigheten i landet som er 3,1 %.


Gulen og Masfjorden har framleis låg arbeidsledighet, men i Austrheim er den på 4,9 %.

Heilt ledige er 823 stk i Nordhordland, det er 22 mindre enn i månaden før.



Arbeidsledigheten i Hordaland er framleis på eit høgt nivå, sjølv om den gikk ned i februar. For landet totalt er det ikkje like tydeleg auke, og den er på eit lågare nivå.


Arbeidsstyrke og sysselsette



som arbeidsledige. Slik at den reelle arbeidsstyrken er noko høgare. **Det er grunn til å legge merke til at veksten i arbeidsstyrken og sysselsette har stoppa opp.**

For å kunne få eit betre innsyn i kva som ligg bak desse tala har vi tatt med utviklinga av arbeidsstyrken og sysselsette.


Det er grunn til å rekne med at der er noko skjult arbeidsledighet. Det kan vere personar som studerer lenger enn det dei hadde tenkt i utgangspunktet eller at dei ikkje har meldt seg



Med unntak av Austrheim og Gulen er der ein auke i sysselsette frå feb 2016 til feb 2017.


Nordhordland har ei auke i arbeidsstyrka og sysselsette som er høgare enn for landet og for resten av Hordaland – det er positivt.

Skatteinntektene til kommunane



her i regionen som snittet for landet.

I 2016 har skatteinntektene til kommunane auka med 9,7 prosent. Med unntak av Gulen har kommunane i Nordhordland ein lågare auke enn gjennomsnittet for landet. På grunn av inntektsutjamning så slår ikkje dette direkte ut i kommuneøkonomien, men det seier noko om at næringslivet og sysselsettinga ikkje er like god



Utviklinga i skatteinntektene pr innbyggjar frå 2013 er i regionen redusert samanlikna med gjennomsnittet for landet (100 %), med unntak av Gulen.